



Byggm. Steinar Thunold
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/323 - 14/7793

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
01.04.2014

Løyve til oppføring av einebustad og garasje - GBNR 102/139 Vabø - bustad

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Kommunen gjev løyve til etablering av bustad og garasje i samsvar med teikningar, kart og skildring mottekne 30.01.2014 og supplert den 21.03.2014, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Tiltaket må utførast etter tekniske krav gitt i byggeteknisk forskrift 2010.
3. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 21.03.2014, med ferdig golv 1. etasje på kote 26,95.
4. Eigedomen (bygget) skal knytast til privat vass- og avlaupsanlegg, jf. utsleppsløyve av 26.11.2013.
5. Løyvet er gjeve på vilkår av at gebyr etter pbl § 33-1 er innbetalt.
6. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.

Før bruksløyve/ferdigattest for tiltaket vert gjeve må følgjande vilkår vere stetta:

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10. Målsett situasjonsplan som viser ferdig plassering i forhold til kjente bygningspunkt og grenser kan godkjennast for å skildre ferdig plassering av avlaupsanlegget.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.



Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Tk	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	1		Byggmester Steinar Thunold	997031075	S1
PRO	1	Arkitektur	Byggspesialisten AS	957897266	S2
PRO	1	Konstruksjonteknisk prosjektering	Støren Treindustri AS	963434472	S3
PRO	1	Grunnarbeid	Frode Haugsvær Masin AS	985442320	L1
PRO	1	Røyrleggjararbeid	Lindås VVS AS	915836445	S7
UTF	1	Grunnarbeid, graving sprenging planering	Frode Haugsvær Masin AS	985442320	S
UTF	1	Røyrleggjararbeid	Lindås VVS AS	915836445	s
UTF	1	Grunnmur	Gripsgårdbygg AS	992299118	S4
UTF	1	Tømmrerarbeid	Gripsgårdbygg AS	992299118	S
UTF	1	Flis og Membranarbeider	Frekhaug Flis AS	993867039	S5
UTF	1	Montering av pipe/eldstader	Frekhaug Flis AS	993867039	S
UTF	1	Plassering	Medås oppmåling	986448551	L2
KON	1	Tetthet og membran	Byggmester Skare AS	995081954	S6

*S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Oppdaga avvik:

1. Versjonsnummeret på gjennomføringsplanen er ikkje oppdatert.
2. Gjennomføringsversjon viser ikkje alle føretak med ansvar (Støren Treindustri AS).

Søknaden

Søknaden omfattar einebustad og garasje, med samla BRA på 254 m². Søknaden omfattar også arbeid knytt til godkjent utsleppsanlegg og tilkomstveg.

Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teke stilling til og er ikkje omfatta av dette løyve. Det same gjeld tiltak som er nemnt i saksutgreiinga men som ikkje er nemnt i førre avsnitt.

Søknaden er handsama som løyve i eitt trinn.

Alle manglar i brev av 19.02.2014 er stetta. Vi ber om orsak for at saka ikkje har vore handsama tidlegare. Dette er grunna avvik hjå postmottak.

Nabotilhøve

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen for Lindås kommune.

Veg og tilkomst

Eksisterande privat veg vert forlenga. Avkøyringsløyve er gjeve i sak 2012/736.

Nabo Bente Fjellsbø Vabø erklærte den 01.04.2014 at hovudbruket er vegeigar fram til hennar tomt.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyvingar

I samsvar med gjeldene føresegner.

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Omsøkte garasje skal ligge bak ei større koll. Garasjen vert soleis ikkje synleg i terrenget frå sjø. Garasjen skal nyttast som uteareal/veranda og sikrast med gjerde.

Plassering og høgdeplassering

Plassering av omsøkte tiltak er godkjent som omsøkt, jf pbl § 29-4 første ledd. Plassering av tiltaka skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar og situasjonsplan. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 1 jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Tiltaket si plassering skal koordinatutrekna, før utsetting av hushjørner på tomta. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Tryggleik mot fare

I søknaden er det oppgjeve at byggverket ikkje skal plasserast i flom- eller skredutsett område og at det ikkje er fare eller vesentleg ulempe som følge av andre natur- eller miljøforhold.

Vatn- og avlaup

Privat vass- og avlaup.

Utsleppsløyve er gjeve i sak 2013/2289.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Referanse til gebyrregulativet:	Tal:	Sum:
C.1.1 Bruk av kartbasis	1	500
C.5.2b Bustad	1	13.000
C.5.1.a Garasje	1	6.500
C.5.32 Lokalgodkjenning for ansvarsrett (S)	7	7.350
C.5.31 Lokalgodkjenning for ansvarsrett (L)	2	5.000
Totalt å betale:		32.350

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andre Fjellsbø

Vadbuvegen 197 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Byggm. Steinar Thunold

Sollsmittet 2

5136

MJØLKERÅEN